

Til  
NVE

Mauranger den 24.02.2025

**202211253-53 Høyringsbrev - tilleggsutgreiingar og forslag til avbøtande tiltak fra NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat..**

**Austrepollelva:**

Det har vert stor fokus på minstevannføring i elva. Det er til tider svært lite vatn i elva til tider ikkje vatn i innerst del av elva. Før gytte laks og aure i ein bekk som kjem ut nedom Folgefondtunnelen, her er elva bygd om slik at fisken ikkje lengre kjem opp i den.

Det som er eit like stort problem er for mykje vatn. Dette har vert ofte i det siste. Då i forbindelse med flaum samstundes som det har vert overløp ved Mysevatn. Resultatet er at elva kjem med store mengder steinmassar, som reinskar elva både for fisk og levevilkår for fisken. Ifjord haust var eit slik eksempel der eg mista 3 drektige kyr som elva tok. Det kom steinar på mellom 500-1000kg som flaut som korkar nedover elva. Det er blitt meir og meir fokus på å køyra kraftsjon etter pris på straum og ikkje kva magasin ein har. Med Mauranger2 er heile hensikta å produsera straum når prisen er høg, som vil gå utover livet i sjøen på grunn av store mengder kaldt vatn.

**Utsleppskannal:**

Eit forslag som no har komet opp er å sleppe vatnet i same utløp som Mauranger1.

Konsekvensen av dette veit vel ingen, men det ein veit er at vintersilda lever inne på vågen der dette kalde vatnet kjem ut. Vintersilda er ein del av det rike fiskelivet som er rundt skjæra. Forsvinn silda forsvinn livsgrunnlaget til mange av dei andre fiskeartane. Dette er ei næringskjede, så forsvinn mange fiskeslag, går dette utover fugleartar.

Med den skjergarden som er i Austrepollen må ein gjera alt for at den ikkje blir påverka av Mauranger 2.

Det kan verka som Statkraft utsett arbeide med å sikre Mysevatn til evt Mauranger 2 kjem. Kva konsekvens har dette dersom det skal vera felles utsleppkannal? Tenker då på dagar med flaum, og Mysevatn ikkje kan virke som magasin? Vil det sei at alt vatn vert slept i Austrepollelva? Er det utarbeid noko konsekvensutgreiing på dette?

Knut-Inge Øvrehus  
230 Austrepollen  
5476 Mauranger  
57/4 Gard